



Hjelmeland kommune  
Vågavegen 116  
4130 Hjelmeland

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Varsel om tilsyn

### Kommunen si forvaltning av introduksjonslova - om deltakarane får eit introduksjonsprogram som er heilårleg og på fulltid

Fylkesmannen i Rogaland opnar med dette tilsyn med Hjelmeland kommune.

#### Fylkesmannen sin heimel for å gjennomføre tilsyn

Introduksjonslova gir i § 23 Fylkesmannen heimel til å føra tilsyn med kommunane si oppfølging av pliktene etter introduksjonslova kapittel 2 til 4 og § 25 tredje og fjerde ledd. Tilsynsheimelen omfattar også forskrifter gitt i medhald av desse paragrafane. Fylkesmannen har rett til innsyn i dokument og tilgang til lokale og anlegg dersom det er naudsynt for at Fylkesmannen skal kunna utføra oppgåvene sine, jf. kommunelova § 60 bokstav c.

#### Føremål med tilsynet

Føremålet med tilsynet er å bidra til auka etterleving av lova og kvalitet i den kommunale tenesteproduksjonen. Brot på introduksjonslova kan ha konsekvensar for rettstryggleiken til deltakarane. Det kan også ha samfunnsøkonomiske konsekvensar gjennom forseinkingar i den enkelte sin overgang til utdanning og arbeid.

#### Tema for tilsynet

Fylkesmannen i Rogaland skal i 2015 gjennomføra tilsyn med kommunen si forvaltning av introduksjonslova, og også med om forvaltninga er i samsvar med reglar i forvaltningslova som har relevans for tilsynstemaet. Tema for tilsynet er om deltakarane får eit introduksjonsprogram som er heilårleg og på fulltid, jf. § 4.

#### Kven tilsynet omfattar

Tilsynet rettar seg mot kommunen som er ansvarleg for å tilretteleggja og gjennomføra introduksjonsprogram, jf. introduksjonslova § 3. Dersom andre utfører tenester på vegne av kommunen, vil denne kunne bli bedne om å gje informasjon, men konklusjonen til Fylkesmannen vil rette seg mot kommunen som er ansvarleg for å tilretteleggja introduksjonsprogrammet.

#### Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er skriftleg. Dette inneber at:

- Kommunen klargjer dokumentasjon slik den går fram av dette tilsynsvarselet
- Fylkesmannen går gjennom dokumentasjonen saman med kommunen
- Fylkesmannen vurderer dokumentasjonen og kan be om tilleggsopplysningar
- Fylkesmannen utarbeider ein førebels tilsynsrapport, som kommunen får høve til å uttale seg om før endeleg rapport blir utarbeidd og sendt over til kommunen

## Tidsplan for tilsynet

Førebels tidsplan er som følgjer:

- September 2015 – klargjering og innsending av dokumentasjon til Fylkesmannen
- September 2015 – gjennomgang av dokumentasjonen saman med kommunen. Vi vert saman samde om ein dato som passar og stad for møte.
- Oktober 2015 – førebels tilsynsrapport vert sendt til Hjelmeland kommune
- Kommunen vert vanlegvis gitt ein frist på 3 veker for tilbakemelding frå kommunen på førebels tilsynsrapport
- Snarleg, etter tilbakemelding frå kommunen, blir endeleg tilsynsrapport sendt til kommunen
- Saman med endeleg tilsynsrapport får kommunen ein frist til å senda inn ein plan som viser tiltak som skal setjast i verk for å få ein praksis som er i samsvar med regelverket. På grunnlag av kommunen sin plan gir Fylkesmannen ein rimeleg frist til å retta på tilhøva.
- Dersom lovbroten ikkje er retta innan fristen, fattar Fylkesmannen eit enkeltvedtak med pålegg om retting. Eventuell klage på påleggget vert avgjort av Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Fylkesmannen tek atterhald om endringar i framdriftsplanen.

## Kontaktperson

Vi ber kommunen oppnemna ein kontaktperson for dette tilsynet og meld det til oss snarast mogleg. Det skriftlege tilsynet vil bli gjennomført av Karen Hansson Lura, Per Arne Sandvold og Lars Wetteland.

Karen Hansson Lura er tilsynsleiar og kan kontaktast på telefon 51 56 89 22, og e-post [karen.hansson.lura@fylkesmannen.no](mailto:karen.hansson.lura@fylkesmannen.no).

Per Arne Sandvold er tilsynsmedarbeidar og kan kontaktast på telefon 51 56 87 40, og e-post [per.arne.sandvold@fylkesmannen.no](mailto:per.arne.sandvold@fylkesmannen.no).

Lars Wetteland er tilsynsmedarbeidar og kan kontaktast på telefon 51 56 87 29, og e-post [lars.wetteland@fylkesmannen.no](mailto:lars.wetteland@fylkesmannen.no).

## Gjennomgang og innlevering av dokumentasjon

Fylkesmannen ber med dette Hjelmeland kommune om å klargjere og sende inn den dokumentasjonen som framgår av vedlegget til dette brevet, slik at dette er klart for ein gjennomgang på møte vi set opp i løpet av september 2015. Dokumentasjonen som blir klargjort for gjennomgang, kan bli unntatt frå innsyn i den grad dette er heimla i offentleglova.

Med helsing

Sølvi Ona Gjul  
utdanningsdirektør

Karen Hansson Lura  
tilsynsleiar/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Karen Hansson Lura  
Saksbehandlar telefon: 51568922  
E-post: fmrokhl@fylkesmannen.no

Vedlegg:

- Lovgrunnlag for tilsynet, sjå vedlegg 1
- Krav til utgreiing og dokumentasjon frå kommunen, sjå vedlegg 2